

## Lys på plass



Foto: Lars Arvid Oma

For ei tid sidan etterlyste Linda Lillefosse eit gatelys ved fylkesveg 49 der dottera Dagny Evita (7) står og ventar på skulebussen i Strandebarm (biletet). No kan skulejenta gle seg over lysare ti-

der på Lillefosse.

– No er lyset på plass, og me er veldig glade for det, seier Lillefosse, som er svært nøgd med responsen på brevet til det of-fentlege.

## To frå Norheimsund i nasjonal kåring

Kåringa av Årets unge bonde er i gang for fjerde år på rad. Over to hundre var nominerte. Tjue av dei er plukka ut til å kjempa om den nasjonale tittelen. To av dei er frå Hordaland, og begge er frå Norheimsund.

Den yngste er 22 år gamle Harald Olav Fosso. Han tok over familiegarden som 20-åring, og er den einaste i Kvam som driv svineproduksjon. Han har òg starta saueproduksjon og bygt nytt sauefjøs med eige tømmer i vinter. Han er mellom anna av-løysar for andre smågardar i nær-leiken, og brøyttar kommunale vegar vinterstid.

– Han er ein stor ressurs for bygda på grunn av si arbeidsglede og hjelpande hand. Garden blømer etter at han overtok, og dessutan ventar han tvillinggutar i oktober. Han er ein inspirerande og engasjert bonde som smittar alle han snakkar med med grøn glede, heiter det på nettsida til kåringa på Facebook.

Den andre nominerte kvemingen er 30 år gamle Lars Norheim. Ifølgje presentasjonen av bonden har han drive sauepro-

duksjon i fem år. Det har vore tøffe tider med ombygging av fjøset. Han likar å tenkja "utanfor boksen" når han skal utbeta sauehusa, og har dessutan bygt opp eit grunnlag for å driva avlsarbeid, heiter det.

Norheims brenn for norsk mat, norsk landbruk og organisasjonsarbeid. Han er med i Kvam sau og geit, Spelring 153 og Nor-tura.

– Lars likar å få fagleg påfyll anten det er på Lammekongress eller i avlsmøte, heiter det.

Kåringa er eit samarbeidsprosjekt mellom Noregs bygdeungdomslag, Felleskjøpet og McDonald's Norge for å styrkja rekrutteringa til norsk landbruk. Dei nominerte må vera under 35 år, matprodusentar og førebilete. Ein kan røysta til 30. oktober. Røystene frå fjesboka tel like mykje som røystene til dei sju i fagjuryen, men juryen har den avgjerande røysta.

Vinnaren vert kåra på messa *Bedre landbruk* i Lillestrøm 9. november. Han får ein tur til Barcelona og avløysar for ei helg.

## Godtek ikkje grindfjerning

I byrjinga av juli gav Kvam herad Åge Kanikeberg frist til 25. juli med å fjerna sperringar på den kommunale vegen på Botnen.

– Me bed deg finna andre løysingar enn gjerde og grinder på den kommunale vegen. Om desse ikkje vert fjerna, kan du risikera at heradet fjernar dei for di rekning, skriv heradet til Kanikeberg.

Kanikeberg svarar, via advokat Øyvind Kvåle, at han ikkje aksepterer ei slik fjerning.

– For gåande og syklande bør det vera eit lite problem å ha grinder, samanlikna med trongen for stengslene for beitedyra. Grindene er eit svært lite problem for den minimale biltrafikken på Botnen, ikkje minst fordi dei stort sett er opne i ferietida om sommaren, skriv Kvåle.

Grindene er stengde vår og haust medan sauene beitar på heimebøane.

Advokat Kvåle viser til at beitedyra ikkje får tak i vatn i elva dersom Kanikeberg må gjerda langs den kommunale vegen. Han meiner ei løysing kan vera at heradet lagar ferister utan at Kanikeberg eller andre grunneigarar på Botnen må betala for det.

I august i fjor opplyste heradet Kanikeberg om at kvar grunneigarar må gjerda langs kommunal veg dersom han har beitande dyr. Bonden på Botnen svarta at det har vore grinder over vegen for å halda på plass beitedyra heilt sidan vegen var bygd. Han meiner det er urimeleg dyrt å gjerda inn eigeidomen, og at han har rett til å framleis ha grindene.

# Smart dyrking ber frukt

Dyrk smart skal auka fruktproduksjonen i Hardanger.

Eitt år inn i prosjektet meiner initiativtakarane arbeidet byrjar gje resultat.

BÅRD VALVATNE

Det vert dyrka for lite frukt i Hardanger. Det meiner i alle fall Hardanger fjordfrukt BA, Ullensvang fruktlager og Nå fruktlager. For å gjera noko med dette, starta dei i 2012 det treårige prosjektet *Dyrk smart*. Målet er å rekruttera fleire fruktdyrkarar og få fleire frukt-bønder til å ta i bruk nye, intensive dyrkingsmetodar.

Sjur Ove Svartveit frå Svartveit bedriftsrådgiving AS er prosjektleiar for *Dyrk smart*. Han seier at han allereie ser resultat av arbeidet. Det har blitt fleire nye fruktdyrkarar i regionen, samstundes som fleire tek i bruk dei nye metodane.

Svartveit fortel at prosjektet vert finansiert av initiativtakarane, men at det òg har motteke penge-stønning frå Innovasjon Noreg, Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen, regionalt næringsfond og Sparebanken vest.

Svartveit fortel at *Dyrk smart* brukar pengane til å byggja opp kompetanse i regionen og spreia informasjon om frukt dyrking. *Dyrk smart* ønskjer å vitja alle dei tre hundre fruktprodusentane som er knytte til dei tre fruktlagera for å informera om dei nye dyrkingsmetodane og kartleggja framtidspanane til dyrkarane.

### Doblar avlingane

Jan Ove Nes er dagleg leiar i Norsk frukt- og bærproduksjon i Hardanger. Han fortel at dei intensive

dyrkingsmetodane vert kjenne-teikna ved at trea vert planta mykje tettare enn før.

– Medan ein til no har planta mellom 100 og 150 tre på eitt dekar, så ønskjer me at fruktdyrkarane skal planta mellom 300 og 350 tre på det same arealet. Plantar ein dobbelt så mange tre, aukar produksjonen automatisk. Mange dobblar avlingane når dei plantar på denne måten, seier Nes.

Nes fortel at det både vert mindre arbeid og finare frukt når ein plantar tett. Tre som står tett, veks meir i høgda enn i breidda. Det gjer arbeidet med å skjera trea enklare. Med høge tre unngår ein òg at frukt kjem i skuggen under greinene. Dermed vert frukt-kvaliteten både høgare og jamnare.

Dei nye metodane gjer dessutan at trea produserer avlingar snøggare etter plantinga.

– Medan det med gammaldags planting kan gå både tre og fire år før ein får store avlingar, kan dei som nyttar dei nye metodane, ofte hausta allereie etter eit år, fortel Nes.

Nes seier at dei intensive metodane lenge har vore einerådande i store delar av Europa, men at dei har kome til Noreg først dei siste åra. Metodane eignar seg godt til dyrking både av eple, pærer, plommer og morellar.

### Slår eit slag for frukta

I Kvam og Jondal er det mellom førti og femti fruktdyrkarar. Om lag ti av desse har planta nye felt der dei nyttar dei nye metodane. Karin Mo Valland og Gjermund Valland frå Norheimsund held på med å innføra dei nye metodane på fruktgarden sin. Dei driv både med mjølkeproduksjon og frykt-dyrking, men har planar om å

trappa ned det fyrste og satsa meir på det siste.

– Me har stor tru på dei nye metodane. Me har fleire gamle felt som er planta på gamlemåten, og ser sjølve at dei nye metodane er meir effektive. Trea må skjerast på ein annan måte når dei står så tett. Reglane er klare. Likevel tek det litt prøving og feiling før det vert rett, seier Karin Mo Valland.

Ullensvang er den største fruktdyrkarkommunen i Noreg, og har langt fleire fruktdyrkarar enn til dømes Kvam. Dette har ikkje noko med klimaet i dei to kommunane å gjera.

– Kvam har meir sol enn Ullensvang, og ofte ser me at epla frå Kvam har betre kvalitet enn epla frå Ullensvang, seier Nes.

Personane bak *Dyrk smart* hadde gjerne sett at fleire bønder i Kvam bytte husdyra ut med frukt.

– Fruktdyrkarane har eit travelt sommarhalvår og eit rolegare vinterhalvår. Eg kjenner mange fruktdyrkarar som nyttar vintrane til lange reiser. Slikt er ikkje lett å få til om du har husdyr, seier Nes.

Valland seier det på denne måten:

– Frukttrea treng ikkje stell grytidleg kvar morgon, og ikkje svelte dei om dei må klara seg utan tilsyn nokre veker. Ein fruktdyrkar treng ikkje avløysar om han skal på ferie. I alle fall ikkje om vintren, seier ho.

valvatne@hf.no



**Jamnare kvalitet:** Fruktdyrkar Karin Mo Valland, dagleg leiar Leif Øie i Hardanger Fjordfrukt BA og dagleg leiar Jan Ove Nes (t.h.) i Norsk frukt- og bærproduksjon i Hardanger, slår fast at høge, tynne tre gjer at færre eple kjem i skuggane under blada. Det gjev jamnare frukt-kvalitet.



**Skjering:** Å skjera eit frukttre på rette måten kan vera ei utfordring sjølv for dei som nyttar intensive dyrkingsmetodar. Frå venstre: Dagleg leiar Jan Ove Nes i Norsk fruktrådgjeving i Hardanger og prosjektleiar Sjur Ove Svartveit i *Dyrk smart* studerer korleis epletrea på garden til Karin Mo Valland og Gjermund Valland er skorne.